



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 10.12.2009  
**Møtetid:** 08:30 – 18.15  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 20, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Marion Langhelle Pedersen Frp</li><li>• Nils Gåsdal Ap</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ingen</li><li>• Ole Totland Ap</li></ul>

### **Andre som var til stades på møtet:**

- Rådmann Tone Ramsli, ass.rådmann Hilde Lill Våge, politisk sekretær Magda Haugen og økonomisjef Nina Erdal under heile møtet
- Leiar for teknisk eining under sak 58/09 og sak 63/09
- Lensmann Terje Kvalvik frå Kvam og Samnanger lensmannsdistrikt under orientering om arbeidet deira.
- Steinar Nævdal frå BIR under sak nr. 59 og 60/09
- Kari Hesjedal frå KPMG under sak 61/09

### **Merknader:**

- **Sture Tveit H**  
Budsjett frå kontrollutvalet ikkje sendt ut saman med saksdokumenta.  
Budsjettsaka burde stått sist på sakslista
- **Sture Tveit H**  
Merknad til delegert vedtak i PØ om kjøp av eigedom på Frøland og bruk av den såkalla hasteparagrafen (§ 13) .
- **Jon Magne Bogevik Frp**  
Merknad til delegert vedtak i PØ om kjøp av eigedom på Frøland og bruk av den såkalla hasteparagrafen (§ 13) .
- **Laila Midtun Bl**  
I sak nr. 61/09 om forvaltningsrevisjon manglar det eit punkt i saksutgreiinga som var med i innstillinga frå kontrollutvalet.

### **Orienteringar/meldingar:**

- Ordførar Marit Aksnes Aase Krf orienterte om at tunell bak Tysse no er vedteken og at det er løyvd midlar til dette frå Hordaland fylkeskommune. Arbeidet vil truleg koma i gong i 2012.
- Underskriftslistar vedk protest på legevaksordninga er levert til kommunen.

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Økonomisjef Nina Erdal orienterte om skatteinntekter og andre inntekter så langt i 2009.</li> <li>• Lensmann Terje Kvalvik orienterte om status i Kvam og Samnanger lensmannsdistrikt</li> </ul>
<b>Spørsmål/interpellasjonar:</b>	
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brev frå Arvid Gjerde dat. 07.12.09 vedk skulebruksplanen.</li> <li>• Brev frå Rådet for funksjonshemma dat. 07.12.09 vedk. budsjett 2010 og idrettshall.</li> <li>• Brev frå Samnanger Næringsforum dat. 01.12.09 vedk. saka om Prosam.</li> <li>• Særutskrift – budsjettframlegg Kontrollutvalet 2010.</li> <li>• Skriv om barnevernstilling – budsjett 2010.</li> <li>• Svar vedk. kutt i bemanninga ved Nordbygda barnehage.</li> </ul>

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 15.12.09

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
052/09	09/677	Faste saker	
053/09	09/644	Overføring av midlar frå driftsbudsjett 2009 til bruk i 2010	
054/09	09/614	Godtgjersle til ordførar og varaordførar 2010	
055/09	09/115	Budsjett 2010.	
056/09	09/249	Revidert økonomiplan 2010 - 2013	
057/09	09/33	Framtidig skulestruktur i Samnanger, langsiktig og kortsiktig løysing	
058/09	09/17	Fleirbrukshall i Samnanger	
059/09	09/544	BIR - Eigarskap til bossnett	
060/09	09/544	BIR AS - Einerett til lovpålagde oppgåver innan avfallsområdet.	
061/09	09/597	Forvaltningsrevisjon - iverksetjing av politiske vedtak.	
062/09	09/496	Samnanger kommune sitt framtidige engasjement innan arbeid med næringsutvikling med utgangspunkt i vedtak om ProSam as	
063/09	09/232	Revisjon av lønspolitisk plan	

**SAKNR. 052/09**  
**FASTE SAKER**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
  - Desse medlemmane vart valde til å underteikna protokollen for møtet:
    - Marit Aksnes Aase Krf
    - Jens Harald Abotnes Krf
    - Jon Magne Bogevik Frp
- 

**10.12.2009 Kommunestyret**

Handsaming i møtet:

**Utvalet sitt kvarter:**

- **Gunnar Bruvik Frp** stilte spørsmål om framdrift av arbeidet med strandsonenplanen med bakgrunn i at det no kjem nye føringar frå sentralt hald. Ordføraren orienterte.
- **Eva Hellevang H** stilte 2 spørsmål:
  - Legevaktordninga med Os kommunen
  - Kostnad med tryggleiksalarm for eldre og funksjonshemmaOrdføraren orienterte.

**KS-052/09 Vedtak:**

.....

**SAKNR. 053/09**

**OVERFØRING AV MIDLAR FRÅ DRIFTSBUDSJETT 2009 TIL BRUK I 2010**

Saka vert lagt fram utan tilråding

**26.11.2009 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet:

**Marit Aase** sette fram følgjande framlegg som vart samrøystes vedteke:

”Overføring av midlar frå driftsbudsjettet 2009 til bruk i 2010.

Djuplufting av grasbana i Hagabotnane	knt. 1.1602.3810.2300	kr 100.000
Utbetring av inngangspartiet på Samnangerheimen	knt. 1.1602.2610.2300	kr 115.000
Trygdebustad Skjervo	knt. 1.1602.2650.2300	kr 50.000
Styringsystem for vatn	knt 1.1601.3450.2300	kr. 100.000
Ungdomsrådet	knt 1.1001.1004.4702	kr 25.000

Samrøystes vedteke.

**PØ-075/09 Vedtak:**

Overføring av midlar frå driftsbudsjettet 2009 til bruk i 2010.

Djuplufting av grasbana i Hagabotnane	knt. 1.1602.3810.2300	kr 100.000
Utbetring av inngangspartiet på Samnangerheimen	knt. 1.1602.2610.2300	kr 115.000

Trygdebustad Skjervo	knt. 1.1602.2650.2300 kr	50.000
Styringsystem for vatn	knt 1.1601.3450.2300 kr.	100.000
Ungdomsrådet	knt 1.1001.1004.4702 kr	25.000

### 10.12.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

- Rådmannen sette fram tilleggstilråding om at prosjektet "Vatn - Kreative krefter" kr. 50.000 kontonr. 1.2000.2028.0300 vert overført til budsjett 2010.

Det vart først røysta over tilrådinga frå rådmannen som vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over tilrådinga frå Personal og økonomiutvalet som vart samrøystes vedteke

#### KS-053/09 Vedtak:

Overføring av midlar frå driftsbudsjettet 2009 til bruk i 2010.

Djuplufting av grasbana i Hagabotnane	knt. 1.1602.3810.2300 kr	100.000
Utbetring av inngangspartiet på Samnangerheimen	knt. 1.1602.2610.2300 kr	115.000
Trygdebustad Skjervo	knt. 1.1602.2650.2300 kr	50.000
Styringsystem for vatn	knt 1.1601.3450.2300 kr.	100.000
Ungdomsrådet	knt 1.1001.1004.4702 kr	25.000
"Vatn - Kreative krefter"	knt. 1.2000.2028.0300 kr.	50.000

.....

#### SAKNR. 054/09

#### GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR 2010

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

12.11.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Brigt Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg: "Ordførargodtgjersle vert fastsett til kr. 490.000 for 2010. Godtgjersla til varaordførar vert for 2010 fastsett til kr. 28.300,-. Godtgjersle til folkevalde elles vert oppjustert med 3,5%."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### PØ-067/09 Vedtak:

Ordførargodtgjersle vert fastsett til kr. 490.000 for 2010. Godtgjersla til varaordførar vert for 2010 fastsett til kr. 28.300,-. Godtgjersle til folkevalde elles vert oppjustert med 3,5%.

### 10.12.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Det vart røysta over framlegget frå PØ-utvalet som vart samrøystes vedteke.

#### KS-054/09 Vedtak:

Ordførargodtgjersle vert fastsett til kr. 490.000 for 2010. Godtgjersla til varaordførar vert for 2010 fastsett til kr. 28.300,-. Godtgjersle til folkevalde elles vert oppjustert med 3,5%.

## **SAKNR. 055/09 BUDSJETT 2010.**

12.11.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Rådmannen gjorde merksam på at tilskot til kyrkjelege føremål ved ein feil var sett kr 30.000 for lågt. Dette vart retta opp og finansiert ved disposisjonsfondet.

Vedtaket om nye satsar for godtgjering av politiske verv må innarbeidast i budsjettet, jmf.

Vedtak i sak 67/09. Utgiftene kr 27.000 vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Pø-utvalet gjekk i gjennom budsjett og investeringsbudsjett for 2010. Utvalet drøfta rådmannen sitt framlegg.

**DRIFTSBUDSJETTET 2010** – Personal og økonomiutvalet sine endringar i høve til rådmannen sitt framlegg;

### **1.10 Politisk styringssystem**

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:” Ordførar og varaordførar inviterer gruppeleiarar i dei ulike partia til drøfting om framtidig politisk organisering. Arbeidet med organiseringa bør avsluttast tidleg haust 2010.”

✓ Kontrollutvalet

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:” Kontrollutvalet sitt budsjett vert styrka med kr. 20.000 til arbeidet med å henta inn anbod på revisjonsteneste.

### **1.12 Tilleggsøyvingar**

- Marit Aase sette fram følgjande framlegg:” Kr. 200.000 vert overført frå disposisjonsfondet til tilleggsøyvingskontoen 1.1200.1800.4900”

### **1.13 Kyrkjeområdet**

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:

✓ ”Det vert løyvd kr. 23.000 til utskifting av datamaskiner og skjermar, dataprogram til kyrkjebokføring med meir, administrasjon og utstyr. Pengane vert å henta frå disposisjonsfondet.

✓ Kommunestyret ber om at kyrkja utarbeider eit enkelt planoversyn for IT behova og tenkt gjennomføring av tiltaka ein ser føre seg i nær framtid.

✓ Når det gjeld utskifting av markeringslysa i kyrkja på Haga etter pålegg frå brannsjefen, ber kommunestyret om at det vert fremja i eiga sak.”

### **1.160 Teknisk område**

✓ Fellesframlegg v/Øyvind Røen: ” Det vert ført over kr. 200.000 frå disposisjonsfondet til teknisk eining for å auka kapasiteten i planarbeidet.”

### **1.202 Skuleområdet**

Fellesframlegg: ”Trinna på skulane vert samla i frå hausten 2010. Det vert to barneskular, ein for 1-4 trinn og ein for 5-7 trinn, og ein ungdomsskule.”

### **1.31 Barnevern**

✓ Brigte Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg:” Barneverntenesta vert styrka med ½ stilling frå og med 2010. Midlane vert dekkja av disposisjonsfondet. For 2010 vert det løyvd kr. 200.000.

Det vart røysta punktvis over alle framlegga som vart samrøystes vedteke. Det vart til slutt røysta over driftsbudsjettet 2010 og dei vedtekne endringane, som vart samrøystes vedtekne.

## **INVESTERINGSBUDSJETTET 2010 –**

Personal og økonomiutvalet vedtok samrøystes framlegget til investeringsbudsjett frå rådmann.

PØ-063/09 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til driftsbudsjett for 2010 dagsett 6.11.2009 vert godkjend med desse endringane:

1.1000.1000	godtgjersle politisk valde	vert auka med	kr 27.000
1.1001.1101.3500	kontrollutvalet kjøp frå kommunar	vert auka med	kr 20.000
1.1200.1800.4700	tilleggsøyvingar	vert auka med	kr 200.000
1.1300.3900.4702	tilskot kyrkja	vert auka med	kr 53.000
1.1600.3011.2700	planlegging teknisk	vert auka med	kr 200.000
1.3201.2440.0100	barnevern fast stilling	vert auka med	kr 200.000
1.9002.8800.9400	bruk av disposisjonsfond	vert auka med	kr 700.000

Rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett for 2010 dagsett 6.11.2009 vert godkjend.

Ordførar og varaordførar inviterer gruppeleiarar i dei ulike partia til drøfting om framtidig politisk organisering. Arbeidet med organiseringa bør avsluttast tidleg haust 2010.

Trinna på skulane vert samla i frå hausten 2010. Det vert to barneskular, ein for 1-4 trinn og ein for 5-7 trinn, og ein ungdomsskule.

Kommunestyret ber om at kyrkja utarbeider eit enkelt planoversyn for IT behova og tenkt gjennomføring av tiltaka ein ser føre seg i nær framtid.

Når det gjeld utskifting av markeringslysa i kyrkja på Haga etter pålegg frå brannsjefen, ber kommunestyret om at det vert fremja i eiga sak.

### **10.12.2009 Kommunestyret**

Handsaming i møtet:

Det vart stilt spørsmål om budsjettet til kontrollutvalet – korleis prosessen med dette budsjettet skal vera i høve til resten av budsjettprosessen.

**Sture Tveit H** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”1.1500.3803.4702 – tilskot til Totræna vinterpark: 50.000,-. 1.9000.8000.8700.”

Det vart røysta over framlegget frå Sture Tveit som vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over framlegget frå PØ med tillegg av framlegget frå Sture Tveit H. Budsjettet vart vedteke med 18 mot dei 2 røystene frå kontrollutvalet sine medlemmer (Laila Midtun Bl og Jens Harald Abotnes Krf).

**Jens Harald Abotnes Krf** ba om at det vart protokollført at han stemde mot budjettframlegget.

## **KS-055/09 Vedtak:**

**Rådmannen sitt framlegg til driftsbudsjett for 2010 dagsett 6.11.2009 vert godkjend med desse endringane:**

1.1000.1000	godtgjersle politisk valde	vert auka med	kr 27.000
1.1001.1101.3500	kontrollutvalet kjøp frå kommunar	vert auka med	kr 20.000
1.1200.1800.4700	tilleggsøyvingar	vert auka med	kr 200.000
1.1300.3900.4702	tilskot kyrkja	vert auka med	kr 53.000
1.1600.3011.2700	planlegging teknisk	vert auka med	kr 200.000
1.3201.2440.0100	barnevern fast stilling	vert auka med	kr 200.000
1.9002.8800.9400	bruk av disposisjonsfond	vert auka med	kr 700.000
1.1500.3803.4702	tilskot til Totræna vinterpark:	vert auka med	kr. 50.000
1.9000.8000.8700	skatteinntekter	vert auka med	kr. 50.000

Rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett for 2010 dagsett 6.11.2009 vert godkjend.

Ordførar og varaordførar inviterer gruppeleiarar i dei ulike partia til drøfting om framtidig politisk organisering. Arbeidet med organiseringa bør avsluttast tidleg haust 2010.

Trinna på skulane vert samla i frå hausten 2010. Det vert to barneskular, ein for 1-4 trinn og ein for 5-7 trinn, og ein ungdomsskule.

Kommunestyret ber om at kyrkja utarbeider eit enkelt planoversyn for IT behova og tenkt gjennomføring av tiltaka ein ser føre seg i nær framtid.

Når det gjeld utskifting av markeringslysa i kyrkja på Haga etter pålegg frå brannsjefen, ber kommunestyret om at det vert fremja i eiga sak.

....

## **SAKNR. 056/09**

### **REVIDERT ØKONOMIPLAN 2010 - 2013**

12.11.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Administrasjonen har innarbeidd PØ sitt framlegg til driftsbudsjett for 2010 i gjeldande økonomiplan i tillegg til å føreta ein del korrigeringar ut frå endra rammevilkår. Dette var utgangspunkt for drøftingane i PØ. Med bakgrunn i dei pågåande diskusjonane om framtidig skulestruktur, fleirbrukshall, utbygging ved sjukeheimen, tilbodet til personar med nedsett funksjonsevne og Ytre Tysse var det semje om at det ikkje skal leggjast inn nye tiltak i økonomiplanperioden utover det som ligg i tilrådinga til årsbudsjett 2010. Utvalet var vidare samde i at det skal innarbeidast forventningar om auke i folketalet. Det var lagt til grunn ein vekst på 25 personar i 2010, 15 i 2011 og 15 i 2012.

**Bright Olav Gåsdal** sette fram slikt framlegg:

Ved sal av konsesjonskraft skal gevinst utover 7 mill 2009-kroner setjast av til eit reg. fond til å møta lavare prisar i framtida m.a.o. skal det ikkje nyttast meir enn 7 mill frå sal av kons. kraft i dei årlege budsjetta.

Framlegget frå Gåsdal vart samrøystes vedteke.

## **PØ-064/09 Vedtak:**

Fylgjande økonomiplan vert gjort gjeldande for Samnanger kommune i perioden 2010 – 2013:



Beskrivelse	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
Brukerbetalinger	-6 183 000	-6 183 000	-6 183 000	-6 183 000
Andre salgs- og leieinntekter	-9 941 600	-9 941 600	-9 941 600	-9 941 600
Overføringer med krav til motytelse	-13 813 614	-13 813 614	-13 813 614	-13 813 614
Rammetilskudd	-44 472 000	-45 264 000	-45 464 000	-46 064 000
Andre statlige overføringer	-4 682 500	-4 676 500	-4 669 500	-4 662 500
Andre overføringer	-6 234 710	-7 584 710	-7 584 710	-7 584 710
Skatt på inntekt og formue	-52 028 000	-52 036 000	-52 036 000	-52 036 000
Eiendomsskatt	-9 011 000	-9 011 000	-9 111 000	-9 111 000
Andre direkte og indirekte skatter	-823 000	-823 000	-823 000	-823 000
Sum driftsinntekter (B)	-147 189 424	-149 333 424	-149 626 424	-150 219 424
Lønnsutgifter	81 879 225	81 838 311	81 824 225	81 838 311
Sosiale utgifter	20 612 723	21 991 657	22 202 571	22 417 253
Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod	18 017 767	17 632 767	17 572 767	17 632 767
Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod	8 227 935	8 227 935	8 227 935	8 227 935
Overføringer	13 358 907	12 245 907	12 245 907	12 245 907
Avskrivninger	5 501 731	5 501 731	5 501 731	5 501 731
Sum driftsutgifter (C)	147 598 288	147 438 308	147 575 136	147 863 904
Brutto driftsresultat (D=B-C)	408 864	-1 895 116	-2 051 288	-2 355 520
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-830 000	-830 000	-830 000	-830 000
Mottatte avdrag på utlån	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
Sum eksterne finansinntekter (E)	-860 000	-860 000	-860 000	-860 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	2 610 000	3 261 250	3 979 130	3 868 170
Avdragsutgifter	6 318 800	4 513 700	4 532 400	4 545 900
Utlån	30 000	30 000	30 000	30 000
Sum eksterne finansutgifter (F)	8 958 800	7 804 950	8 541 530	8 444 070
Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	8 098 800	6 944 950	7 681 530	7 584 070
Motpost avskrivninger	-5 501 731	-5 501 731	-5 501 731	-5 501 731
Netto driftsresultat (I)	3 005 933	-451 897	128 511	-273 181
Bruk av disposisjonsfond	-1 008 643	0	0	0
Bruk av bundne fond	-2 882 500	-1 303 500	-1 157 500	-1 157 500
Sum bruk av avsetninger (J)	-3 891 143	-1 303 500	-1 157 500	-1 157 500
Avsetninger til bundne fond	885 210	885 210	885 210	885 210
Sum avsetninger (K)	885 210	885 210	885 210	885 210
Regnskapsmessig mer- mindreforbruk	0	-870 187	-143 779	-545 471

Det vert ikkje teke stilling til disponering av overskotet før pågåande utgreiingsarbeid innan område som fleirbrukshall, utbygging ved sjukeheimen, skulestruktur, Ytre Tysse m.fl er avslutta.

Ved sal av konsesjonskraft skal gevinst utover 7 mill 2009-kroner setjast av til eit reg. fond til å møta lavare prisar i framtida m.a.o. skal det ikkje nyttast meir enn 7 mill frå sal av kons. kraft i dei årlege budsjetta.

## 10.12.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Det vart røysta over framlegget frå PØ som vart samrøystes vedteke.

### KS-056/09 Vedtak:

...

Fylgjande økonomiplan vert gjort gjeldande for Samnanger kommune i perioden 2010 – 2013:

Beskrivelse	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
Brukerbetalingar	-6 183 000	-6 183 000	-6 183 000	-6 183 000
Andre salgs- og leieinntekter	-9 941 600	-9 941 600	-9 941 600	-9 941 600
Overføringer med krav til motytelse	-13 813 614	-13 813 614	-13 813 614	-13 813 614
Rammetilskudd	-44 472 000	-45 264 000	-45 464 000	-46 064 000
Andre statlige overføringer	-4 682 500	-4 676 500	-4 669 500	-4 662 500
Andre overføringer	-6 234 710	-7 584 710	-7 584 710	-7 584 710
Skatt på inntekt og formue	-52 028 000	-52 036 000	-52 036 000	-52 036 000
Eiendomsskatt	-9 011 000	-9 011 000	-9 111 000	-9 111 000
Andre direkte og indirekte skatter	-823 000	-823 000	-823 000	-823 000
Sum driftsinntekter (B)	-147 189 424	-149 333 424	-149 626 424	-150 219 424
Lønnsutgifter	81 879 225	81 838 311	81 824 225	81 838 311
Sosiale utgifter	20 612 723	21 991 657	22 202 571	22 417 253
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm tenesteprod	18 017 767	17 632 767	17 572 767	17 632 767
Kjøp av varer og tenester som erstatter komm tjprod	8 227 935	8 227 935	8 227 935	8 227 935
Overføringer	13 358 907	12 245 907	12 245 907	12 245 907
Avskrivningar	5 501 731	5 501 731	5 501 731	5 501 731
Sum driftsutgifter (C)	147 598 288	147 438 308	147 575 136	147 863 904
Brutto driftsresultat (D=B-C)	408 864	-1 895 116	-2 051 288	-2 355 520
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-830 000	-830 000	-830 000	-830 000
Mottatte avdrag på utlån	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
Sum eksterne finansinntekter (E)	-860 000	-860 000	-860 000	-860 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	2 610 000	3 261 250	3 979 130	3 868 170
Avdragsutgifter	6 318 800	4 513 700	4 532 400	4 545 900
Utlån	30 000	30 000	30 000	30 000
Sum eksterne finansutgifter (F)	8 958 800	7 804 950	8 541 530	8 444 070

Beskrivelse	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	8 098 800	6 944 950	7 681 530	7 584 070
Motpost avskrivninger	-5 501 731	-5 501 731	-5 501 731	-5 501 731
Netto driftsresultat (I)	3 005 933	-451 897	128 511	-273 181
Bruk av disposisjonsfond	-1 008 643	0	0	0
Bruk av bundne fond	-2 882 500	-1 303 500	-1 157 500	-1 157 500
Sum bruk av avsetninger (J)	-3 891 143	-1 303 500	-1 157 500	-1 157 500
Avsetninger til bundne fond	885 210	885 210	885 210	885 210
Sum avsetninger (K)	885 210	885 210	885 210	885 210
Regnskapsmessig mer- mindreforbruk	0	-870 187	-143 779	-545 471

Det vert ikkje teke stilling til disponering av overskotet før pågåande utgreiingsarbeid innan område som fleirbrukshall, utbygging ved sjukeheimen, skulestruktur, Ytre Tysse m.fl er avslutta.

Ved sal av konsesjonskraft skal gevinst utover 7 mill 2009-kroner setjast av til eit reg. fond til å møte lavare prisar i framtida m.a.o. skal det ikkje nyttast meir enn 7 mill frå sal av kons. kraft i dei årlege budsjetta. ....

#### **SAKNR. 057/09**

### **FRAMTIDIG SKULESTRUKTUR I SAMNANGER, LANGSIKTIG OG KORTSIKTIG LØYSING**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

#### **26.11.2009 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet:

**Marit Aase** (Krf) sette fram følgjande framlegg:

”Langsiktig løysing:

Samnanger kommune vil satsa på to skular: Nordbygda og Gjerde, slik det kjem fram i Alt B. Då vert det 1-7 på Gjerde, og 8-10 på Nordbygda med hall i Bjørkheimsområdet (A1 eller A5) Uteområdet ved Nordbygda skule må takast vare på og vidareutviklast i høve dei lærings- og utviklingsmåla ungdomsskulen har arbeidd fram i sine planar i høve til fysisk aktivitet/nærmiljø.

Kortsiktig løysing:

Elevane vert samla på Gjerde 1-7 og SUS 8-10 medan ein rehabiliterar/byggjer om Nordbygda skule til ungdomsskule.”

**Vidar Rolland** (Bgl) sette fram følgjande framlegg:

”Kortsiktig løysing:

Vedtaket frå PØ av 13-14 nov. blir oppretthalde.

Langsiktig løysing:

Alt A; 1-4 Gjerde, 5-10 Nordbygda

Alternativt – Alt; E 1-4 på Gjerde 5-10 Lauvskar. ”

**Brigt Olav Gåsdal** (Ap) sette fram følgjande framlegg:

”Kortsiktig løysing:

Vegen mot ein framtidig permanent skulestruktur i Samnanger skal skje etter følgjande modell: Frå hausten 2010 skal 1-4 trinn gå på Gjerde skule, 5-7 på Nordbygda skule og ungdomsskulen som no.

Langsiktig løysing:

Gjerde skule skal byggast ut til ein 1 til 7 skule og deretter skal Nordbygda byggast om til ungdomsskule i ein el. Annan kombinasjon med hall. Det vidare arbeidet må visa gjennomføringsplan med tidsplan og kostnadsoverslag.”

**Øyvind Røen** (SP) sette fram følgjande framlegg:

”Langsiktig løysing:

Den langsiktige løysinga for skulen i Samnanger vert avgjort samstundes med at spørsmålet om bygging av fleirbrukshall vert avklara.”

Det vart først **prøverøysta** over framlegga.

Aase sitt framlegg fekk 1 røyst.

Røen sitt framlegg fekk 1 røyst.

Første delen av Rolland sitt framlegg fekk 3 røyster.

Andre delen av Rolland sitt framlegg fekk 2 røyster.

Gåsdal sitt framlegg fekk 1 røyst.

**Endeleg røysting:**

Røen sitt framlegg fekk 1 røyst

Aase sitt framlegg fekk 2 røyster

Gåsdal sitt framlegg fekk 0 røyst.

Første delen av Rolland sitt framlegg fekk 3 røyster og vert med det vedteke.

Andre delen av Rolland sitt framlegg fekk 2 røyster.

Det vart til slutt røysta alternativt over Aase og Rolland sitt framlegg til langsiktige løysing, Rolland sitt framlegg fekk 3 røyster og vert med det vedteke. Aase sitt framlegg fekk 2 røyster.

**PØ-070/09 Vedtak:**

Kortsiktig løysing:

Vedtaket frå PØ av 13-14 nov. blir oppretthalde (dvs. 1-4 Gjerde, 5-7 Nordbygda, 8-10 SUS).

Langsiktig løysing:

Alt A; 1-4 Gjerde, 5-10 Nordbygda

Alternativt – Alt; E 1-4 på Gjerde 5-10 Lauvskar.

**10.12.2009 Kommunestyret**

Handsaming i møtet:

**Brigt Olav Gåsdal Ap** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Kortsiktig løysing:

Vegen mot ein framtidig permanent skulestruktur i Samnanger skal skje etter følgjande modell: Frå hausten 2010 skal 1-4 trinn gå på Gjerde skule, 5-7 på Nordbygda skule og ungdomsskulen som no.

Langsiktig løysing:

Gjerde skule skal byggast ut til ein 1 til 7 skule og deretter skal Nordbygda byggast om til ungdomsskule i ein el. annan kombinasjon med hall. Det vidare arbeidet må visa gjennomføringsplan med tidsplan og kostnadsoverslag.”

## **Øyvind Røen Sp** ba om gruppemøte

Møtet vart sett att.

**Øyvind Røen Sp** kom med følgjande framlegg til vedtak:

”Skulestrukturen i Samnanger vert ikkje endra for skuleåret 2010 / 2011. Administrasjonen legg fram sak for kommunestyret i februar med tanke på å finansiera dette. Den langsiktige organiseringa av skulen vert fastsett når saka om bygging av hall er avgjort.”

**Brigt Olav Gåsdal Ap** trekte det førre framlegget sitt. Han sette deretter fram følgjande fellesframlegg til vedtak frå Ap og Krf.:

”Samnanger kommune vil satsa på to skular i Nordbygda og på Gjerde slik det kjem fram i skulebruksplanen. Då vert det 1.-7. trinn på Gjerde og 8.-10. trinn med hall i Bjørkheimsområdet. Uteområdet ved Nordbygda skule må takast vare på og vidareutviklast i høve dei lærings- og utviklingsmåla ungdomsskulen har arbeidd fram i sine planar for fysisk aktivitet / nærmiljø.

Kortsiktig løysing: 1.-7. årssteg samlast på Gjerde skule ved hjelp av modulløysing medan ein rehabiliterer Nordbygda skule til ungdomsskule.

Arbeidet med å leggja om Nordbygda skule til ungdomsskule skal starta seinast samstundes med utbygging av Gjerde skule.”

**Vidar Rolland Bl** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Langsiktig løysing: 8-10 skole m/ hall i Haukanes – Lauvskard – gradvis utbygging frå 2014-16.”

Det vart røysta slik: Dei ulike framlegga vart sette opp mot einannan.

**PØ** sitt framlegg: Dette framlegget fekk 0 røyster og fall.

**Øyvind Røen Bl** sitt framlegg fekk 7 røyster. 13 røysta mot. Framlegget fall.

**Brigt Olav Gåsdal Ap** sitt felles framlegg frå Ap og Krf fekk 11 røyster. 9 røysta mot. Framlegget vart vedteke.

**Vidar Rolland Bl** sitt framlegg fekk 2 røyster. 18 røysta mot. Framlegget fall.

### **KS-057/09 Vedtak:**

Samnanger kommune vil satsa på to skular i Nordbygda og på Gjerde slik det kjem fram i skulebruksplanen. Då vert det 1.-7. trinn på Gjerde og 8.-10. trinn med hall i Bjørkheimsområdet. Uteområdet ved Nordbygda skule må takast vare på og vidareutviklast i høve dei lærings- og utviklingsmåla ungdomsskulen har arbeidd fram i sine planar for fysisk aktivitet / nærmiljø.

Kortsiktig løysing: 1.-7. årssteg samlast på Gjerde skule ved hjelp av modulløysing medan ein rehabiliterer Nordbygda skule til ungdomsskule.

Arbeidet med å leggja om Nordbygda skule til ungdomsskule skal starta seinast samstundes med utbygging av Gjerde skule.

.....

**SAKNR. 058/09**

**FLEIRBRUKSHALL I SAMNANGER**

## **26.11.2009 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet:

Fellesframlegg: ”Kommunestyret løyver inntil kr. 150.000 i tilleggsløyving til vidare utgreiingsarbeid om fleirbrukshall, jfr saksutgreiinga. Pengane vert løyvde frå disposisjonsfondet.” Samrøystes vedteke.

### **PØ-069/09 Vedtak:**

Kommunestyret løyver inntil kr. 150.000 i tilleggsløyving til vidare utgreiingsarbeid om fleirbrukshall, jfr saksutgreiinga. Pengane vert løyvde frå disposisjonsfondet.

## **10.12.2009 Kommunestyret**

Handsaming i møtet:

Laila Midttun Bl sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Arbeidet vert lagt fram i KS-møtet i februar 2010.”

Det vart røysta over framlegget frå PØ med tillegg av framlegget frå Laila Midttun Bl.

Framlegga fekk 20 røyster og vart vedteke.

### **KS-058/09 Vedtak:**

Kommunestyret løyver inntil kr. 150.000 i tilleggsløyving til vidare utgreiingsarbeid om fleirbrukshall, jfr saksutgreiinga. Pengane vert løyvde frå disposisjonsfondet.. Arbeidet vert lagt fram i KS-møtet i februar 2010.

## **SAKNR. 059/09**

### **BIR - EIGARSKAP TIL BOSSNETT**

## **26.11.2009 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet:

**Marit Aase (Krf)**sette fram følgjande framlegg:

”1. Drifts- og kapitalkostnader ved utbygging av bossnett vert dekkja over dei framtidige renovasjonsgebyra, gjennom eit grunnpåslag til alle abonnentar i BIR-kommunane og ei brukarbetaling frå dei som er tilkoplta bossnettet. Finansieringa vert gjort gjennom selskapet BossNett AS, med kommunal garanti frå BIR sine eigarkommunar.

2. Det vert stilt sjølvskuldarkausjon for finansieringa i samsvar med eigen eigardel i BIR AS.

3. Det vert tilrådd at vedtektene for BossNett AS vert endra slik at virkeområdet for BossNett AS omfattar alle BIR kommunar. ”

Det vart røysta over framlegget. 2 røysta for og 2 røysta mot. Framlegget vart vedteke med ordføraren si røyst.

### **PØ-072/09 Vedtak:**

1. Drifts- og kapitalkostnader ved utbygging av bossnett vert dekkja over dei framtidige renovasjonsgebyra, gjennom eit grunnpåslag til alle abonnentar i BIR-kommunane og ei brukarbetaling frå dei som er tilkoplta bossnettet. Finansieringa vert gjort gjennom selskapet BossNett AS, med kommunal garanti frå BIR sine eigarkommunar.

2. Det vert stilt sjølvskuldarkausjon for finansieringa i samsvar med eigen eigardel i BIR AS.

3. Det vert tilrådd at vedtektene for BossNett AS vert endra slik at virkeområdet for BossNett AS omfattar alle BIR kommunar.

### **10.12.2009 Kommunestyret**

Handsaming i møtet:

Sture Tveit fekk permisjon frå møtet kl. 16.30 under handsaminga av saka. Det var 19 representantar att.

Steinar Nævdal frå BIR orienterte om saka og svara på spørsmål frå representantane. Det vart røysta over framlegget frå PØ. Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **KS-059/09 Vedtak:**

1. Drifts- og kapitalkostnader ved utbygging av bossnett vert dekkja over dei framtidige renovasjonsgebyra, gjennom eit grunnpåslag til alle abonnentar i BIR-kommunane og ei brukarbetaling frå dei som er tilkople bossnettet. Finansieringa vert gjort gjennom selskapet BossNett AS, med kommunal garanti frå BIR sine eigarkommunar.

2. Det vert stilt sjølvskuldarkausjon for finansieringa i samsvar med eigen eigardel i BIR AS.

3. Det vert tilrådd at vedtektene for BossNett AS vert endra slik at virkeområdet for BossNett AS omfattar alle BIR kommunar.

.....

#### **SAKNR. 060/09**

#### **BIR AS - EINERETT TIL LOVPÅLAGDE OPPGÅVER INNAN AVFALLSOMRÅDET.**

### **26.11.2009 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet:

**Marit Aase (Krf)** sette fram følgjande framlegg:

”Samnanger kommune gjev med dette einerett til BIR AS til å utføra kommunen sine plikter i samsvar med Forureiningslova § 30, jmf. Forskrift om offentlige anskaffelser §1-3 (2) bokstav h. Eineretten kan vidare tildelast frå BIR AS til 100% eigde dotterselskap som fyller vilkåra for å vera eit offentleg rettsleg organ”

Det vart røysta over framlegget som vart vedteke med 3 mot 1 røyst.

#### **PØ-073/09 Vedtak:**

Samnanger kommune gjev med dette einerett til BIR AS til å utføra kommunen sine plikter i samsvar med Forureiningslova § 30, jmf. Forskrift om offentlige anskaffelser §1-3 (2) bokstav h. Eineretten kan vidare tildelast frå BIR AS til 100% eigde dotterselskap som fyller vilkåra for å vera eit offentleg rettsleg organ.

### **10.12.2009 Kommunestyret**

Handsaming i møtet:

Det vart røysta over framlegget frå PØ og dette vart samrøystes vedteke .

#### **KS-060/09 Vedtak:**

Samnanger kommune gjev med dette einerett til BIR AS til å utføra kommunen sine plikter i samsvar med Forureiningslova § 30, jmf. Forskrift om offentlige anskaffelser §1-3 (2) bokstav h. Eineretten kan vidare tildelast frå BIR AS til 100% eigde dotterselskap som fyller vilkåra for å vera eit offentleg rettsleg organ.

.....

## **SAKNR. 061/09**

### **FORVALTNINGSREVISJON - IVERKSETJING AV POLITISKE VEDTAK.**

#### **Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret ber rådmannen syta for:

- Å sikra administrativ kontroll med iverksetting og oppfølging av politiske vedtak, ved å utarbeida rutinar for dette området.
- Å utarbeida rutinar for systematisk og jevnleg rapportering til kommunestyre og politiske underutval, når det gjeld status for iverksetting av tiltak.

## **10.12.2009 Kommunestyret**

Handsaming i møtet:

Kari Hesjedal frå KPMG orienterte om saka og svara på spørsmål frå representantane.

Arild Røen tok plass i kommunestyret kl. 17.10. Kommunestyret talde då 20 representantar. Det vart røysta over framlegget frå Kontrollutvalet som vart samrøystes vedteke.

#### **KS-061/09 Vedtak:**

Kommunestyret ber rådmannen syta for:

- Å sikra administrativ kontroll med iverksetting og oppfølging av politiske vedtak, ved å utarbeida rutinar for dette området.
- Å utarbeida rutinar for systematisk og jevnleg rapportering til kommunestyre og politiske underutval, når det gjeld status for iverksetting av tiltak.
- Kommunestyret ber om tilbakemelding vedr. arbeidet med å få på plass rutinar innanfor dette området. Slik melding skal leggjast fram på juni-møtet i kommunestyret 2010.

.....

## **SAKNR. 062/09**

### **SAMNANGER KOMMUNE SITT FRAMTIDIGE ENGASJEMENT INNAN ARBEID MED NÆRINGSUTVIKLING MED UTGANGSPUNKT I VEDTAK OM PROSAM AS**

## **26.11.2009 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet:

**Marit Aase** sette fram følgjande framlegg:

”Samnanger kommune har prioritert næring- og bygdeutvikling som særleg satsingsområde i kommuneplanen gjeldande fram mot 2017.

Arbeidet med næringsutvikling både regionalt og lokalt er i endring. Kommunen si satsing gjennom ProSam har vore medverande til at ein har lukkast å få i gang fleire mindre prosjekt innan næring- og bygdeutvikling, noko som har utløyst eit sterkt og positivt lokalt engasjement. Det er svært viktig å ivareta det som har vakse fram.

Samnanger kommune er inne i ein viktig fase når det gjeld å ta avgjerd om kommunen sitt framtidige engasjement og ressursar i høve til arbeid med næringsutvikling. Det er venta av konklusjonane kan verta trekte utpå vårparten.



Med bakgrunn i ovanfornemnde vert ProSAM AS eit såkalla "sovande" selskap fram til kommunestyremøte i april. Samnanger kommune ynskjer å trekkja dagleg leiar i selskapet inn i rådmannen sin stab i eit engasjement tilsvarande 50% i denne perioden. Dette for å føra det vidare arbeidet med m.a. viktige pågåande prosjekt (t.d. gjennom "Liv og Lyst", "Rydd skogen," m.m.)

**Bright Olav Gåsdal** sette fram følgjande framlegg:

"ProSAM AS vert lagt ned og drifta avslutta innan 1.04.2010. Samnanger kommune si løyving på kr. 300.000 for 2010 vert ståande i budsjettframlegget. Inntil kr. 200.000 kan nyttast til drift av ProSAM AS og resten vert nytta i kommunen til å gjennomføra prosjekt som alt er i gang. Kommunen må engasjera ein person for å gjera dette arbeidet. Rådmannen skal ta eit særleg ansvar for at det vert sett opp eit budsjett for første kvartal 2010, her under å ta stoda til kva arbeidsoppgåver som skal prioriterast."

Det vart røysta alternativt over framlegga. Gåsdal sitt framlegg vart vedteke med 3 røyster og Aase sitt 1 røyst og fall.

#### **PØ-074/09 Vedtak:**

ProSAM AS vert lagt ned og drifta avslutta innan 1.04.2010. Samnanger kommune si løyving på kr. 300.000 for 2010 vert ståande i budsjettframlegget. Inntil kr. 200.000 kan nyttast til drift av ProSAM AS og resten vert nytta i kommunen til å gjennomføra prosjekt som alt er i gang. Kommunen må engasjera ein person for å gjera dette arbeidet. Rådmannen skal ta eit særleg ansvar for at det vert sett opp eit budsjett for første kvartal 2010, her under å ta stoda til kva arbeidsoppgåver som skal prioriterast.

#### **10.12.2009 Kommunestyret.**

Handsaming i møtet:

**Marit A. Aase Krf.** Sette fra følgjande framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har prioritert næring- og bygdeutvikling som særleg satsingsområde i kommuneplanen gjeldande fram mot 2017.

Arbeidet med næringsutvikling både regionalt og lokalt er i endring. Kommunen si satsing gjennom ProSAM har vore medverande til at ein har lukkast å få i gang fleire mindre prosjekt innan næring- og bygdeutvikling, noko som har utløyst eit sterkt og positivt lokalt engasjement. Det er svært viktig å ivareta det som har vakse fram.

Samnanger kommune er inne i ein viktig fase når det gjeld å ta avgjerd om kommunen sitt framtidige engasjement og ressursar i høve til arbeid med næringsutvikling. Det er venta av konklusjonane kan verta trekte utpå vårparten.

Med bakgrunn i ovanfornemnde vert ProSAM AS eit såkalla "sovande" selskap fram til kommunestyremøte i april. Samnanger kommune ynskjer å trekkja dagleg leiar i selskapet inn i rådmannen sin stab i eit engasjement tilsvarande 50% i denne perioden. Dette for å føra det vidare arbeidet med m.a. viktige pågåande prosjekt (t.d. gjennom "Liv og Lyst", "Rydd skogen," m.m.)

**Olaug Øystese Ap** ba om gruppemøte.

Møtet vart sett.

**Marit A. Aase Krf** trekte sitt framlegg.

**Arild Røen H** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommunestyre oppmodar generalforsamlinga i PROSAM A/S om å leggja aktiviteten på ”is” inntil kommunestyremøtet i april. Til dette møtet skal Samnanger kommunesitt framtidige engasjement i næring / bygdeutvikling utgreiast.

Rådmannen får fullmakt til å engasjera noværande dagleg leiar i PROSAM A/S i inntil 60 % stilling til å arbeida med nærings saker i kommunen, herunder følgja opp pågåande prosjekt.”

Det vart røysta alternativt over framlegget frå PØ og Arild Røen sitt framlegg.

PØ sitt framlegg fekk 1 røyst og fall.

Arild Røen sitt framlegg fekk 19 røyster og vart vedteke.

#### **KS-062/09 Vedtak:**

”Samnanger kommunestyre oppmodar generalforsamlinga i PROSAM A/S om å leggja aktiviteten på ”is” inntil kommunestyremøtet i april. Til dette møtet skal Samnanger kommunesitt framtidige engasjement i næring / bygdeutvikling utgreiast.

Rådmannen får fullmakt til å engasjera noværande dagleg leiar i PROSAM A/S i inntil 60 % stilling til å arbeida med nærings saker i kommunen, herunder følgja opp pågåande prosjekt.”

#### **SAKNR. 063/09**

#### **REVISJON AV LØNSPOLITISK PLAN**

#### **Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til del 1 av lønspolitisk plan vert lagt fram for kommunestyret for endeleg behandling/vedtak.

#### **10.12.2009 Kommunestyret**

Handsaming i møtet:

Det vart røysta over framlegget for Administrasjonsutvalet som vart samrøystes vedteke.

#### **KS-063/09 Vedtak:**

Del 1 av lønspolitisk plan for Samnanger Kommune vert gjeldande.

